



AGDER
fylkeskommune

Åseral


Utvalt statistikk for gjennomgående tema i regionplan Agder

17 SAMARBEID
FOR Å NÅ MÅLENE





Kjappe fakta om Åseral kommune



Areal (km2)	
Areal	887,5
Landareal	792,8
Bebyggd/samferdsel areal	7,2
Ferskvatn	94,7
Jordbruksareal	9,5
Verna areal	230,4




Folk	
Folketal	923
Andel kvinner	50,1 (Agder: 49,7)
Andel i tettstad (SSB)	ingen tettstader jf SSB
Gjennomsnittsalder	menn 41,1 - kvinner 41,9
Forventa levealder	menn 79,0 - kvinner 83,9
Personar per hushald	2,23 (Agder: 2,15)

Tenester	
Barneskular	1 (77 elever)
Ungdomsskular	1 (36 elever)
Vidaregåande skular	
Tannklinikk	
Fylkesveg (km)	115

Samfunn	
Administrasjonssenter	Kyrkjebygda
Interkommunalt politisk råd	Setesdal
Sentralitetsklasse	6
Distriktsindeks	31,3
BA-område	BA44 Evje og Hornnes



Befolkning og demografi



SSB spår befolkningsnedgang i Åseral som følge av negativ netto innlands flytting.


Dersom SSB's framskriving slår til, vil aldersbæreevne minke frå dagens 3,7 til 1,9 i 2040. Aldringa er sterkare i Åseral enn snittet for Agder.

Befolkningsutvikling og distrikt

Frå 2018 til 2023 falt folketalet i Åseral med 32 personer (-3,4%).

Det var berre grunnkrets Berg som auka i perioden, og her kom det 5 fleire innbyggjarar. Kyrkjebygda ligger i grunnkretsane Forgard og Berg, som samla gjekk ned med 2 personar.


Innvandring til byane, aldring, og ynskje etter nærleik til service/tenester og arbeidsmarknad gjer at mange kommunar kan oppleve vekst i kommunesenter og tettstader sjølv om folketalet samla går ned.



Bustadbygging

- I perioden 2018-2023 ble det igangsett i gjennomsnitt 4 bustader i året, hvorav ca. 58 % einebustader.

Igangsatte boliger - SSB 05940




Rapport boligstatistikk

Bustadmasse

- Det er 498 bustader i kommunen (budde og ubudde).

Boligmassen per 2024 (andel i prosent) - SSB 12941





Næringsutvikling og samarbeid om nye arbeidsplassar

I Regionplan Agder 2030 teiknast et framtidsbilete der Agder i 2030 lukkast med å bruke det grønne skiftet til innovasjon og verdiskaping i privat og offentlig sektor. Utvikling og bruk av ny teknologi har medverka til å løyse store miljø- og klimautfordringar. Agder har utnytta moglegheitene innan digitalisering, automatisering og kunstig intelligens. Sirkulær økonomi, der ressursar og produkt blir gjenbrukt er et hovudprinsipp for næringsutvikling og vekst.



Syssestelling

Regionale forskjellar:


- Lågast syssestillingsandel helt aust i Agder, og høgast andel i dei aller minst sentrale kommunane.

Åseral:

- Nest høgaste syssestillingsandel i fylket, og over gjennomsnittet for landet.

20-66	Begge kjønn	Menn	Kvinner
Åseral	82,1	82,6	81,4
Agder	73,6	76,6	70,6
Norge	77,2	79,5	74,8



[Rapport syssestelling](#)



Bu- og arbeidsmarknader

- Evje og Hornnes er senterkommune for Åseral. Omlag 63 % av sysselsette med bustad i Åseral arbeider i Åseral. Det er like mange frå Åseral som arbeider i Kristiansand som i Evje og Hornnes og Lindesnes (5 % kvar stad).


Kommunens viktigaste pendlingsrelasjonar per 4. kv 2023 (SSB)




Definisjon:
Ein region med felles marknader for arbeidskraft og arbeidsplassar, der innbyggerane ikkje treng å flytte eller bruke vesentlig tid på å reise for å arbeide

Sektorfordeling og tilsetteutvikling

Sysselsatte per sektor, 4. kvartal (SSB 13472)





Sysselsatte per sektor, 4. kvartal 2023 (SSB 13472)



Åseral har ein lågare andel tilsette i privat sektor enn gjennomsnittet for Agder og Norge.

Sektor	Åseral			
	Antall	Andel	Agder	Norge
Offentlige eide foretak	31	5,7 %	2,5 %	4,0 %
Fylkeskommunal forvaltning	0	0,0 %	2,3 %	1,7 %
Statsforvaltningen	0	0,0 %	9,5 %	11,6 %
Kommunal forvaltning	183	33,4 %	22,2 %	18,2 %
Privat sektor	334	60,9 %	63,4 %	64,5 %

Næringsstruktur – 4. kvartal 2023




Fasseland mekaniske verkstad AS (produksjon av metallkonstruksjoner og deler) er den største industribedriften.

FH bygg og eigedom AS (Oppføring av bygninger) er den største bygg- og anleggsbedriften.



Levekår, likestilling, inkludering og mangfold

Regionplan Agder 2030 teiknar eit framtidsbilde der Agder er ein attraktiv region å bu i, arbeida i og besøkje. Byane, tettstadene og bygdesentera er trygge og attraktive stader med identitet og innovasjonskraft. Stadene er kompakte, tilrettelagt for alle, uansett funksjonsevne, og ivaretar behova som både minoritetsgrupper og ein stadig aukande andel eldre har.




Grunnskulepoeng

- Åseral ligg over fylkessnittet for grunnskulepoeng for årene 2021 og 2023, men litt under for årene 2020, 2022 og 2024.
- Grunnskulepoenga for 2020, 2021 og 2022 er basert på standpunkt, sidan eksamenar blei avlyst under pandemien. Dette gjer at grunnskulepoenga for desse åra ikkje utan vidare kan samanliknast med andre år.

[Rapport grunnskulepoeng](#)

Grunnskulepoeng for begge kjønn, siste 5 år




Gjennomføring vidaregåande opplæring

- For 2017-kullet var gjennomføringsgrada i kommunen 92,3 %. Dette er mykje høgare enn snittet for Agder.
- Tabellen under viser fordeling av 1. ønske-søkere til vgo for 2023.

Utvalg	Kjønn	Yrkesfag	Studieforb.
Åseral	Begge kjønn	50,0 %	50,0 %
	Kvinner	75,0 %	25,0 %
	Menn	25,0 %	75,0 %
Agder	Begge kjønn	56,7 %	43,3 %
	Kvinner	50,4 %	49,6 %
	Menn	62,9 %	37,1 %



Gjennomføring vgo, begge kjønn, alle utdanningsprogram




[Rapport gjennomføring](#)

Lærekontraktar kommunal og privat sektor

- Åseral er ein av åtte kommunar som har nådd målsetjinga om tre lærekontraktar i kommunal sektor per 1000 innbyggjarar i 2024.
- Åseral har 4 lærekontraktar i kommunal sektor.
- Åseral har 3 lærekontraktar per 1000 innbyggjarar i privat sektor (2024).



Deltid kvinner 20-66 år





20-66 år	Begge kjønn	Menn	Kvinner
Åseral	40,9	22,7	63,7
Agder	30,9	18,6	44,6
Norge	25,4	16,3	35,4

Rapport deltid kvinner


Deltidsandel kvinner 2022

20-66 år



Sysseletjing etter landbakgrunn

- Blant innvandrarar – og særleg innvandrarar frå Gruppe 2-land – er det ein betydeleg lågare sysseletjing enn befolkninga elles.
- Tala understrek verdien av ei målretta satsing på kvalifisering og inkludering av innvandrarar frå Gruppe 2-land til arbeidslivet.




[Rapport sysseletting](#)

Vedvarande låginntekt

- Inntekt og økonomi er grunnleggande påverknadsfaktorar for helse, og forskning har vist at det er ein samanheng mellom inntektsnivå og helsetilstand.
- Låginntekt aukar sannsynet for dårleg sjølvopplevd helse, sjukdom og for tidleg død.
- Andel personar i hushald med låginntekt har auka meir i Agder enn i Norge elles.

Andel personer i husholdninger med vedvarende lavinntekt (EU60)






[Rapport lavinntekt](#)

Tannhelse

- Den offentlige tannhelsetenesta overvakar tannhelsa i den unge befolkninga gjennom systematiske registreringar av antal nye hol, tannflater med fyllingar og tapte tenner (DMFT).
- Registreringane gir eit grovt mål på utviklinga i tannhelsa over fleire år, og gjev moglegheit for å samanlikne tannhelsa mellom kommunar, fylke og gjennomsnitt for landet.

[Rapport tannhelse](#)






Klima og miljø

Regionplan Agder 2030 teiknar eit framtidsbilde der Agder har redusert klimagassutslepp med minst 45 prosent. Nødvendig infrastruktur for eit fullelektrisk samfunn er bygd ut, mens informasjons- og kommunikasjonsteknologi har gjort det enkelt å velje den mest klimavennlige løysinga for innbyggjarane og besøkande. Natur- og landbruksområder er ivaretatt for framtidige generasjonar, og er ein del av regionens ressursgrunnlag og identitet.




Klimagassutslepp – referansebanar

- Regionplan Agder har mål om at årlige utslipp skal reduseres med 55 % i 2030 sammenlignet med 2017.
- Figuren viser referansebane for utslipp med utgangspunkt i vedtatt nasjonal politikk.
- Referansebanen ligger langt over målbanen som må følges for å redusere utslippene med 55 % i 2030 sammenlignet med utslipp i 2017.



Elektrifiseringsgrad per sektor

- Målbildet Electric Region Agder 2030 handlar om å utnytta eit av regionens globale fortrinn for å realisera ein visjon om eit Agder kor alt er elektrisk, alt er fornybart.
- Dette skjer gjennom å elektrifisera samfunnet ved å erstatta fossil energi med fornybar elektrisitet.



[Rapport elektrifisering](#)



Klimagassreduksjon i Åseral

10 832

Dagens
Klimagassutslipp
(tonn CO2-ekv)

7 998


Klimagassutslipp ved
fullelektrifisering*
(tonn CO2-ekv)

26 %

Redusert
klimagassutslipp etter
elektrifisering


*Elektrifisering av Transport og annen mobil forbrenning

Arealressursar



Ca. 25,9 % av landarealet i kommunen er verna etter naturmangfaldlova (Agder = 18%).


Dyrka mark	Dekar
Fulldyrka jord	6 412
Overflatedyrka jord	279
Innmarksbeite	3 226
Totalt	9 917



Kart med kjente natur- og arealressursar. Arealbruksendringar er den største trusselen mot både naturmangfald og jordvern, og kunnskap er ein føresetnad for å kunne ivareta viktige verdiar.


Arealressurser

Per 2022 er 55 % av Åseral dekt av åpen fastmark, 29 % skog, 11 % ferskvann, mens fulldyrka jord utgjør 0,7 %. Bebyggd areal og samferdsel utgjør til sammen 0,8 %.




Ca. 26 % av arealet i Åseral er vernet etter naturmangfoldloven.

Samlet for Agder er 16,3 % av arealet vernet.



Planlagt arealbruk

- Regionalt arealreikneskap er utarbeida ved å samanstille kommuneplanen sin arealdel, digitale reguleringsplanar, arealressursdata (AR5 og AR50) og SSB sitt datasett for arealbruk.
- Regionalt arealreikneskap viser at Åseral har satt av store areal, og då særleg til fritidsbustader.
- Samla er det sett av byggeområde i natur tilsvarende 11 dekar per innbyggjar.
- Gjeldande planar opnar for utbygging av meir enn 4 500 dekar skau og 600 dekar myr.



Fritidsbebyggelse og eiere

- Det er ca. 2300 bruksenheter til fritid i Åseral, og nesten 5600 eiere (alle eierandeler inkludert).
- Figur gir en oversikt på antall hytteeiere fordelt på kommuner.
- Kristiansand er største «hytteeierkommune».

